



Naturvernforbundet

Landsmøte 2018
Stavanger, 20. – 22. april

SAK 7

Naturvernforbundets prinsippprogram

Inneholder:

- 1) Landsstyrets forslag til prinsippprogram**
- 2) Innsendte endringsforslag til prinsippprogrammet**

Lesehjelp:

Forslaget til nytt prinsippprogram er eit samla, nytt forslag som blir fremja av landsstyret. Endringar opp mot det gjeldande prinsippprogrammet er ikkje synlege i forslaget. I forslaget til landsstyret ligg det ni dissensar. Desse er tydeleg markert med farge (**Dissens nr. x**) og med overskrift som viser kor mange som støttar dissensen. Sjølve forslaget er markert med kursiv tekst og skilt med linjer.

NATURVERNFORBUNDET SITT PRINSIPPPROGRAM

Prinsippprogrammet gjev ei oversikt over Naturvernforbundet sitt grunnsyn, korleis organisasjonen arbeider, og kva som er våre langsiktige politiske krav.

1 Kva vi vil oppnå

Naturvernforbundet arbeider for eit samfunn som er godt å leve i for alle, og som kan bestå over tid. I eit slikt samfunn blir naturen forvalta på ein måte som sikrar vårt felles livsmiljø, og all menneskeleg aktivitet skjer i balanse med naturen og miljøet.

Livsformene i naturen er verdifulle i seg sjølv, samtidig som menneska er avhengige av dei. Å ta vare på rikdomen av livsformer og økosystem er naudsynt for å sikre livskrafta og produktiviteten i naturen. Vi menneske kan ikkje halda fram med å utrydde artar på jorda eller øydelegge det livsmiljøet artane treng for å leve.

Mennesket er ein del av naturen. Vi lever av dei allsidige goda i naturen og har ansvaret for å sikre ei økologisk, sosial og økonomisk utvikling som tar omsyn til både nolevande og framtidige generasjonar sine behov. Det betyr at:

- Vi må ta vare på mangfaldet i naturen.
- Fornybare ressursar må takast ut på ein slik måte at ressursane kan fornye seg.
- Ressursar som finst i avgrensa mengder, må vi bruke med stor varsemd.
- Vi kan berre sleppe ut stoff som krinslaupet i naturen kan bryte ned innanfor naturen si bereevne.

Menneskeleg forbruk av energi og naturressursar kan ikkje vere høgare enn at det let seg kombinere med å halde oppe naturmangfaldet og naturen si produksjonsevne. Tekniske omleggingar er ikkje nok for å oppnå dette. For at alle menneske skal ha høve til å leve gode liv innanfor rammene av jorda sitt ressursgrunnlag, må dei økonomisk rikaste redusere det materielle forbruket sitt, og samfunnet kan ikkje vere avhengig av evig materiell vekst.

Å løyse globalt omfattande og alvorlege miljøproblem krev omstillingar som må drivast fram med både lokal og nasjonal innsats. I ei globalisert verd krevst også globalt samarbeid og internasjonale avtalar. Noreg har som eit rikt og velutvikla land både grunnlag og ansvar for å vere eit føregangsland i miljøvernarbeidet. Noreg må følgje opp sine internasjonale pliktar og ta ei rolle som forbilde for å bidra til framgang i det internasjonale miljøarbeidet.

2 Korleis vi arbeider

Demokratisk, landsdekkande og uavhengig

Naturvernforbundet er ein demokratisk, partipolitisk nøytral medlemsorganisasjon. Folkeleg engasjement gjennom lokalt naturvernarbeid er grunnlaget for arbeidet for livskraftig natur og miljøgode og avgjerande for Naturvernforbundet sin styrke. Medlemmane avgjer, gjennom sine tillitsvalde, kva forbundet skal meine og arbeide med. Synspunkta blir utforma uavhengig av økonomiske interesser, staten og andre organisasjonar. Naturvernforbundet skal jobbe for å få fleire aktive lokallag over heile landet, samtidig som aktiviteten i eksisterande lokal- og fylkeslag sikrast og fornyast. Det lokale nærværet og dei tillitsvalde gjev Naturvernforbundet legitimitet og demokratisk gjennomslagskraft. Organisasjonen skal søkje å reflektere eit mangfald av befolkninga og arbeide for god representasjon i kjønn, geografi, sosial bakgrunn og minoritetsbakgrunn blant både medlemmar, aktive og tillitsvalde. Miljøagentane og Natur og Ungdom skal vere barne- og ungdomsorganisasjonane til Naturvernforbundet. Gjennom å oppretthalde og byggje nye samarbeid og alliansar med andre organisasjonar og initiativ, skal Naturvernforbundet auke si gjennomslagskraft og oppslutnad.

Kunnskapsbasert opinionsdanning

Naturvernforbundet treng tillit og oppslutnad for å få gjennomslag. Argumenta skal vere godt oppbygde, forståelege og fagleg solide. Frivillige organisasjonar har gjennom folkeopplysning spelt ei viktig rolle for demokratiseringa av Noreg. Naturvernforbundet vil føre dette arbeidet vidare gjennom opinionsdannande verksemd, slik at ein lettare kan innrette seg miljøvenleg, påverke andre og få folkevalde organ til å ta omsyn til naturen.

Saksorientert arbeid med konkrete resultat

Det er gjennom arbeid med mange konkrete saker over heile landet, og med stor breidde, at Naturvernforbundet er med og bergar store naturverdiar, og endrar haldningane hos folk flest. Ved hjelp av politisk arbeid i enkeltsaker vil Naturvernforbundet også vise kva utfordringar vi står overfor i det globale miljøarbeidet.

Naturglede

Naturen er ei kjelde til glede og innsikt, som styrkar naturvernengasjementet. Naturglede er ein viktig del av arbeidet til Naturvernforbundet. Vi vil at flest mogleg skal få glede seg over naturverdiane vi vil ta vare på, at dei skal vere stolte over naturen dei har tilknytning til, og at det enkle og nære friluftslivet blir teke vare på.

Internasjonalt samarbeid

Brei folkeleg deltaking er avgjerande for å løyse internasjonale miljøproblem, og sterke nasjonale miljøorganisasjonar er viktige for å ta vare på miljøinteressene. Naturvernforbundet skal samarbeide med miljørørsler i andre land. Samarbeidslanda har ofte store miljøutfordringar og også store utfordringar når det gjeld deltaking frå sivilt samfunn. Naturvernforbundet er den norske medlemmen av Friends of the Earth International.

Medlemskap i Regnskogsfondet er òg ein viktig del av vårt internasjonale engasjement. Det internasjonale arbeidet skal bidra til å styrke lokale miljøvernorganisasjonar i dei landa vi engasjerer oss i. Samstundes bidreg dette arbeidet til å styrke Naturvernforbundet sitt arbeid både i Noreg og i arbeidet med internasjonale miljøavtalar.

3 Prinsipp

At folk skal kunne bidra til å drive fram løysingar på miljøproblema, krev eit samfunn der folk har høve til å påverke sin eigen situasjon, har tilgang til kunnskap om kva som påverkar miljøet, og kan delta aktivt i politisk arbeid. Myndigheitene har ansvar for å følgje opp, kontrollere og innføre sanksjonar og tiltak overfor dei som bryt den norske natur- og miljølovgevinga. Både myndigheitene, næringsliv og befolkning har eit ansvar for å setje seg inn i og følgje felles reglar.

Naturvernforbundet meiner følgande prinsipp må ligge til grunn for all samfunnsplanlegging:

- Kunnskap: Alle private og offentlege aktørar må ha plikt til å setje seg inn i korleis verksemda deira påverkar naturen. Alle handlingar må byggje på oppdatert vitskapeleg og erfaringsbasert kunnskap, der miljøkonsekvensane av handlinga blir vurdert i eit livsløpsperspektiv. Alle skal ha krav på informasjon om miljøkonsekvensar når det gjeld både enkeltprodukt og forbruksvarer, produksjon og politiske planar og vedtak.
- Føre var-prinsippet: Dersom det er usikkert om inngrep eller utslepp vil ha skadelege verknader for organismar eller økosystem, skal tvilen kome naturen til gode ved at tiltaket ikkje blir gjennomført.
- Samla påkjenning: Den samla påkjenninga som naturmiljøet er eller kan bli utsett for, skal vere utslagsgjevande for vedtak i einskildsaker.
- Den som påverkar, skal betale: Den som påverkar miljøet på ein negativ måte, skal dekke kostnadene ved tiltak som hindrar, avgrensar eller rettar opp skadane.
- Tenke globalt – handle lokalt: Tenke globalt – Handle lokalt: Det den einskilde gjer her i landet, må stå i høve til globale natur- og miljøinteresser, og såleis kunne bidra til utvikling som kan kome alle verdas menneske og artar til gode i dag, og i framtida

Grenseoverskridande miljøproblem krev internasjonalt samarbeid og avtalar som blir oppfatta som rettferdige og rimelege av alle partar. Verdast fattigaste lir i dag under miljøproblem som i stor grad er skapt av rike land og av overforbruket til privilegerte

grupper. Internasjonale avtalar må fremje rettferdig fordeling av verdas ressursar og styrke tilgangen til demokratisk påverknad. For å oppnå dette må FN styrkast. Omsyn til miljø og rettferdig fordeling av ressursar må telje meir enn mål om økonomisk vekst og auka frihandel.

Naturvernforbundet støttar og respekterer urfolk sine rettar, slik dei er felt ned i internasjonale avtalar som Noreg er tilslutta. Desse rettane må ligge til grunn for miljøpolitikken i både Noreg og andre land.

Noreg må vere ein pådrivar og støtte opp om internasjonale miljømål og -avtalar, og omsynet til natur og miljø må ligge til grunn i alt utviklingsarbeid. Samarbeid med og støtte til det sivile samfunnet, inklusive miljørørsla, må vere ei viktig prioritering i Noreg sin internasjonale innsats. Norske investeringar i utlandet må bidra til å sikre ei miljøvenleg utvikling. Miljømessige og sosiale krav som gjeld for norske fleirnasjonale verksemdar må òg gjelde for aktiviteten deira i utlandet når det norske regelverket er strengare.

3.1 Vern om naturmangfaldet

Naturen er grunnlaget for alt liv på jorda. Ikkje berre er menneske og dyr avhengige av naturen og tenestene den yter. Naturen har også verdi i seg sjølv. Vi må derfor sikre den uerstattelege rikdomen av plantar, dyr og andre organismar – på land og til havs - for notid og framtid.

Tapet av naturmangfald må stansast. Sunn økologisk tilstand må vere forvaltningsprinsippet for all natur, også den delen av naturen som gjennom historia har vorte påverka av menneskeleg aktivitet. Dette inneber å ta vare på artane, med deira genetiske variasjon og dei leveområda som organismane treng for å trivast og fylle sine økologiske funksjonar. Dette krev både vern av utvalde areal samt ei langsiktig forvaltning av naturverdiar som ikkje er verna ved lov. Det er uakseptabelt å oppheve eller endre vern av naturområde, slik at naturomsyn må vike for andre, meir kortsiktige samfunnsinteresser. Ein må også hindre innføring og spreiding av ikkje stadeigne artar og genmodifiserte organismar som kan vere eit trugsmål mot lokale plante- og dyreartar. Det må ikkje givast subsidiar som bidreg til øydelegging av verdifull natur. Omsynet til naturmangfaldet må sikrast/takast vare på i all arealplanlegging, og krava til konsekvensutgreiningar må stille minstekrav som sikrar dette.

Naturen må vere grundig kartlagt og kunnskapen må oppdaterast kontinuerleg for å mogleggjere ei kunnskapsbasert forvaltning. Denne kunnskapen må omfatte naturen sine system og samspelet mellom desse samt samspelet mellom naturen sine system og menneska. Der kunnskap ikkje er tilstrekkeleg, må føre-var-prinsippet ligge til grunn. Inngrep kan aldri forsvarast med mangel på kunnskap.

Naturvernforbundet meiner at:

- Det må etablerast økologisk representative nettverk av verneområde og utvalde naturtypar for å sikre den økologiske samanhengen over større område. Dette inneberer mellom anna vesentleg vern av skog, våtmarker og marine område, samt

171 vidare utvikling av arbeidet med utvalde naturtypar. Områda må forvaltast aktivt slik
172 at naturmangfaldet vert teke vare på og sikrast mot inngrep som kan gjere skade på
173 naturen i området.

- 174 • Menneskelege inngrep og utbygging har ført til sterk reduksjon i inngrepsfrie område
175 i Noreg. Denne utviklinga må stoppast. Dei områda som er att, må bevarast og
176 kartleggast for verneverdige naturverdiar.
- 177 • Det trengs omfattande tiltak for å sikre den unike vassdragsnaturen mot fleire
178 inngrep. Verneplanen må utvidast og verna vassdrag må få sterkare vern. God
179 økologisk tilstand må vere eit mål for alle vassdrag.
- 180 • Motorisert ferdsle i utmark og vassdrag må haldast på eit minimum, og unyttig
181 køyring må ikkje tillatast. Langs kysten må ein sikre omsynet til sårbar natur og
182 moglegheita for gode naturopplevingar for folk flest.
- 183 • Lokale naturperler og naturområde i folk sine nærmiljø må takast vare på. Omsyn til
184 desse områda si betydning for livskvalitet og helse, både i dag og i framtida, må
185 vektleggast tungt. Bymarker bør vere verna med lov og ha faste byggegrenser.
- 186 • Rovdyra høyrer heime i norsk natur, og å verne om desse og areal som sikrar deira
187 overleving også på sikt, er ein del av det å ta vare på naturmangfaldet og
188 økosystema. Myndighetene må sikre førebyggjande innsats for å redusere tap av
189 beitedyr og for å redusere påkjenninga for råka næringar og lokalsamfunn.

190
191 **Dissens 1: Eit mindretal på 1 person i landsstyret ynskjer følgjande formulering til**
192 **erstatning for linje 186-189:**

- 193 • *Rovdyra høyrer heime i Noregs natur. Dei må få halde revir i høve til vedtekne*
194 *bestandsmål i område som ikkje samstundes nyttas til aktivitet som kan utgjere*
195 *trugsmål mot dei, t.d. sauehald, jakt med laushund og busetnad. Økonomiske*
196 *stønad- eller erstatningsordningar kan ikkje nyttast som konfliktdempande tiltak for*
197 *å kunne halde t.d. sau og ulv i same område.*

-
- 199 • Som ein stor hav-, fjord og kystnasjon må Noreg vise omsyn til naturmangfaldet i
200 havet i reguleringa av våre marine næringar. Naturmangfaldslova må gjelde alle
201 norske havområde.

203 3.2 Stopp dei farlege klimaendringane

204 Forbruk av fossile brensel, avskoging og anna menneskeleg påverknad har ført til endringar i
205 klimaet på jorda. Klimaendringane har alvorlege konsekvensar både for oss menneske og for
206 resten av naturen. Livsgrunnlaget for mange menneske, og særleg for verdas fattigaste, blir
207 øydelagt, og store delar av naturmangfaldet står i fare for å forsvinne.

208
209 For at vi skal unngå dei mest alvorlege konsekvensane av klimaendringane, kan ikkje den
210 globale temperaturen stige meir enn 1,5 gradar over førindustrielt nivå. Det betyr i praksis at
211 alle klimagassutslepp frå fossil energi og avskoging må stansast så raskt som mogleg.

Alle land må omstillast til samfunn som praktisk talt er utan bruk av fossil energi, og som byggjer opp att karbonlagera i naturen. Ettersom det er dei rike landa som har det historiske ansvaret for klimakrisa, må dei derfor finansiere hovuddelen av omstillinga også i fattige land. Ei rettferdig omstilling inneber at ein må ta omsyn til og sikre rettane også til dei menneska og folkegruppene som er særleg sårbare eller utsette ved større samfunnsendringar.

Omstillinga til det klimavennlege samfunnet må skje på naturen sine premiss. Dette inneber at vi bruker naturen sine eigne mekanismar til å lagre karbon, redusere klimagassutslepp og tilpasse oss klimaendringar. Intakt og robust natur verkar i seg sjølv som buffer og vern mot klimaendringar og er dermed avgjerande for samfunnet sitt møte med eit endra klima.

Naturvernforbundet meiner at:

- Noreg må fase ut eigne utslepp av klimagassar, i tråd med sitt historiske ansvar. Som oppfølging av Paris-avtalen må Noreg kvart femte år melde inn stadig strammare mål for å redusere eigne klimagassutslepp, i tillegg til å finansiere klimatiltak i fattige land.
- Målet om å skape eit klimavennleg samfunn må leggje rammene for all sektorpolitikk, slik at alle samfunnssektorane blir omfatta av verkemiddel som sikrar varige reduksjonar i klimagassutsleppa.
- Arbeidet for å tilpasse samfunnet til uunngåelege klimaendringar må styrkast. Naturen må forvaltast slik at økosystema blir mest mogleg robuste og i størst mogleg grad evnar å tilpasse seg eit klima i endring.
- Rike land som Noreg må ta eit særleg ansvar for å bidra til reduksjon av utslepp og sikre klimatilpassing i fattige land. Internasjonal kvotehandel og andre internasjonale tiltak må sikre reelle utsleppskutt og samstundes ivareta menneske og natur, og må kome i tillegg til nasjonale utsleppsreduksjonar.

3.3 Berekraftig ressursbruk

Vi må ta vare på den biologiske produksjonsevna, som er grunnlaget for livet på jorda og sikre denne også for framtidige generasjonar. Dette inneber at vi må vere varsame når ressursar blir henta ut av naturen og at desse ressursane må gå inn i eit krinslaup og brukast om att slik at vi held uttaket frå naturen og avfallsstoffa vi etterlet oss, så lågt som råd.

Utslepp til luft, jord eller vatn som ikkje naturen klarer å bryte ned – eller som kan verke skadeleg for menneske, dyr eller plantar – må hindrast. Plastsøppel i naturen er eit stort problem. Miljøgifter og plast må erstattast av stoff som ikkje gjer skade på naturen, og der slike stoff allereie er slept ut i naturen, må det ryddast opp av omsyn til naturmangfaldet, menneske si helse og naturen si evne til å gje rein luft, mat og vatn.

Bruk av land og hav til produksjon av mat, fiber, energi og andre varer må innrettast slik at folk får dekka dei grunnleggande behova sine utan å øydelegge grunnlaget for å forsyne framtidige generasjonar. Når vi forbruker varar produsert utanfor landet, må vi vurdere heile produksjonskjeda, slik at den samla miljøpåverknaden blir teken med i rekneskapen.

255
256
257
258
259
260
261
262
263
264
265
266
267

Naturvernforbundet meiner at:

- Bruk av miljøgifter må vere strengt regulert, når det gjeld både innanlandsk bruk og import av varer som inneheld eller er produsert ved hjelp av giftige stoff. Skadeverknader av tidlegare utslepp av miljøgifter må kartleggast og minimerast.
- Prisen på bruk av ressursar må reflektere dei reelle kostnadane ressursuttaket har for miljø og menneske. Dette kan bli oppnådd gjennom avgifter som sikrar at miljøpåverkar betaler, eller gjennom reguleringar som legg avgrensingar på ressursbruken.
- Bruken av plast må reduserast. Miljøvenlege alternativ må takast i bruk, og det må ryddast opp i plastforureininga til havs og til lands.

268 **4 Miljøvern i praksis**

269

270 **4.1 Primærnæringane**

271 Matproduksjonen, både på land og til havs, må skje på ein måte som gjer at vi klarar å dekke
272 menneska sine næringsmessige og kulturelle behov, bevarer naturmangfaldet og ikkje
273 svekker verda sine framtidige moglegheiter for å produsere mat. Det krev at menneska
274 baserer kosthaldet sitt på matvarer med lågt energi- og ressursforbruk, og at haustinga av
275 ressursar skjer på ein skånsam måte for naturen. Omsynet til at menneske verda over skal
276 ha nok mat, må ligge til grunn for kor og korleis vi produserer mat, og korleis ressursane blir
277 fordelt. At det skal vere nok mat også for framtidige generasjonar, må ligge til grunn for i kva
278 omfang og korleis vi hentar ut matressursar, enten det er på land eller frå havet. Bruken av
279 skadelege stoff i jordbruk, skogbruk, fiske og oppdrett må haldast på eit minimum og på sikt
280 fasast ut.

281

282 Det er viktig å oppretthalde og styrke matproduksjonen i heile landet. Dette må til for å sikre
283 mat til eiga befolkning, minske transportbehovet og for å ivareta busetnad, utmark og
284 kulturlandskap med det tilhøyrande naturmangfaldet.

285

286 Når vi hentar materiale frå norske skogar, må omsynet til naturmangfaldet og anna framtidig
287 nytte av skogressursane ligge til grunn for mengda ressursar som blir henta ut, og måten det
288 blir gjort på.

289

290 **Naturvernforbundet meiner at:**

- Patent på levande organismar eller naturleg førekomande biologisk materiale må ikkje tillatast.
- Genmaterialet i levande organismar er ikkje eigedomen til nokon og må ikkje endrast på. Primærnæringane må ikkje nytte veksthormon eller genmodifiserte dyr eller plantar.

- 296 • Risikoen for alvorlege smittesjukdomar må reduserast både ved tiltak heime og
297 gjennom importrestriksjonar.
- 298 • Fiskeoppdrett og kjøtproduksjon må i minst mogleg grad baserast på fór som kan gå
299 til menneskemat, eller som har negative fylgjer for miljøet eller for global fordeling av
300 naturressursar.
- 301 • Norsk landbruk må basere seg på lokale og miljøvenlege ressursar, og bruken av
302 energi, plantevernmidlar og kunstgjødsel og importert kraftfôr må vere så låg som
303 mogleg.
- 304 • Dyrka og dyrkbar jord må haldast i hevd og bevarast for matproduksjon.
- 305

306 **Dissens 2: Eit mindretal på 3 personar i landsstyret ynskjer å legge til følgjande punkt:**

- 307 • *Det bør leggjast avgift på bruk av torv i landbruksproduksjon, og bruk av torv bør*
308 *verta forbode i privat hagebruk.*
- 309

310 **Dissens 3: Eit mindretal på 1 person i landsstyret ynskjer å legge til følgjande**
311 **kulepunkt:**

- 312 • *Utanfor dei definerte reviområda for dei einskilde artar rovdyr er det rovdyra som*
313 *må vike for interesser knytt til primærnæring, jakt og busetnad.*
- 314

-
- 316 • Fiskeressursane er viktige for matforsyninga i verda og må forvaltast slik at dei varer
317 evig. Fiskeria må ta vare på primærproduksjonen i havet og dei lågare ledda i
318 næringskjedene.
- 319 • Havet og fiskeressursane må vere underlagt nasjonal og internasjonal kontroll, og det
320 må sikrast at fisken er eigd og forvalta av fellesskapet. Særleg må fiskeressursane
321 kome kystsamfunna til gode, og urfolksrettar må ivaretakast.
- 322 • Oppdrett må skje i lukka anlegg og ikkje forringe miljøet i dei hav- og fjordområda der
323 verksemda går føre seg. Dersom ikkje oppdrettsverksemda kan drivast utan ureining
324 og sjukdomsspreiing eller på ressursar som ikkje skadar naturmangfald eller
325 ressurstilfang andre stader, må omfanget av oppdrettsnæringa reduserast.
- 326 • Skognæringa må operere innanfor rammer som sikrar naturmangfald, friluftsliv og
327 karbonbinding. Skogbruket må i større grad drivast basert på utvalshogst. Hogst må
328 berre skje etter søknad og etter kartlegging av natur- og friluftsverdiar.
- 329

330 **Dissens 4: Eit mindretal på 1 person i landsstyret ynskjer følgjande formulering til**
331 **erstatning for linje 326-328:**

- 332 • *Skogen si rolle som karbonbinder, arena for opplevingar og leveområde for dyr må*
333 *vere overordna omsynet til skognæringa.*
- 334
-

- Skogsressursar er eit knappleiksgode og må brukast der dei gjev størst reduksjon av klimagassar. Tømmer og tre skal prioriterast som bygningsmateriale, og avfallsressursar kan gå til andre føremål som gjev høg utnytting av ressursane, som lokal varmeproduksjon og ulike industriføremål.

4.2 Energi

Menneske treng energi, og den må vere fornybar og klimavenleg, brukast effektivt, produserast og transporterast utan å skape ureining eller uoppretteleg skade på naturmangfaldet. Vi må nytte rett energiform til ulike bruksområde og vi må effektivisere sjølve energibruken. Det inneber også at vi må gjere ei omlegging av energibruken, slik at fossil energibruk blir redusert og erstatta av fornybar energi.

Naturvernforbundet meiner at:

- Det samla energiforbruket må reduserast og bli mest mogleg effektivt. Energieffektivisering og -sparing må premierast gjennom eigna verkemiddel. Det må stillast strenge krav til energibruk i bygningar. Desse krava må strammast inn med jamne mellomrom, slik at bygg og anlegg i størst mogleg grad er sjølvforsynt med energi, med lågt energiforbruk og ressursfotavtrykk i eit livsløpsperspektiv.
- Norsk olje- og gassverksemd må trappast ned og gradvis fasast ut ved at det ikkje opnast for leiting og utvinning av olje og gass i nye område. Barentshavet, havområde utanfor Lofoten, Vesterålen og Senja, Skagerrak, Mørebasenget og kystnære område må bli gitt ei særskilt og varig vern mot olje- og gassverksemd.
- Ny fornybar energi må verke til å redusere forbruket av fossil energi. Samstundes med energisparing må Noreg satse på ny fornybar energi, slik som bio- og solenergi, bølge- og vindkraft og geovarme. Ved all utbygging må det takast særskilt omsyn til naturmangfald, folkehelse og landskap.

Dissens 5: Eit mindretal på 2 personar i landsstyret ynskjer følgjande kulepunkt til erstatning for linje 357-360:

- *Ny fornybar energi er naudsynt for å møte klimautfordringane. Samstundes med energisparing må Noreg satse på utbygging av bio- og solenergi, geokraft, bølgekraft og vindkraft. Utbygging av fornybar energi må vere skånsamt mot naturmangfaldet, andre fornybare næringar og urfolk.*

Dissens 6: Eit mindretal på 8 personar i landsstyret ynskjer følgjande kulepunkt til erstatning for linje 357-360:

- *All energien vi bruker, må vere fornybar og klimavenleg. Utbygging av fornybar energi må verke til å redusere forbruket av fossil energi, og skal taka særskilt omsyn til naturmangfald, folkehelse og landskapsverdiar. Potensialet for å frigjere fornybar energi gjennom energieffektivisering må vere hovudgrunnlaget for å erstatte all fossil energi med fornybar.*

376

377

378

379

380

381

382

383

384

- Overføringsnett til andre land skal ha som mål å bidra til meir effektiv og fornybar energibruk, ikkje omfattande eksport av straum. Kraftutveksling med andre land bidreg til god utnytting av kraftressursane og reduserer behovet for reservekraft og tilhøyrande naturinngrep og klimagassutslepp. Fordi transport av kraft inneber energitap og kan gje betydelege naturinngrep, bør det vere eit mål å utnytte energiresursane nær der dei oppstår, og til fortrenging av fossil energibruk i Noreg og i utlandet.

385

386

387

388

- Atomkraft inneber ein så stor fare for miljø og menneske i samband med produksjon og avfallshandtering at det er ei uakseptabel energikjelde. Det må derfor ikkje byggjast nye atomkraftverk i Noreg, og Halden-reaktoren må leggjast ned. Noreg må arbeide for å sikre atomavfallet i norske nærområde.

389

390

391

392

393

- Ujamn tilgang til, og lite effektiv bruk av, energi er med på å oppretthalde den skeive måten velstand er fordelt på globalt. Internasjonal bistand må i større grad rettast inn mot å nå dei fattigaste med desentraliserte tiltak for energieffektivisering og bruk av fornybar energi.

394

4.3 Transport

395

396

397

398

399

400

401

All transport påverkar miljøet ved at det krev forbruk av energi, legg beslag på areal og fører til uønskte konsekvensar i form av forureining, støy og ulykkesrisiko. Store infrastrukturprosjekt, og særleg vegutbyggingar, legg til rette for auka trafikk og gjev store negative konsekvensar for natur, friluftsområde og matjord. Dette gjer at vi må ta i bruk fleire verkemiddel, slik at transportbehovet blir redusert og at den naudsynte transporten blir gjort med låg miljøpåverknad.

402

403

404

405

406

407

408

Betre planlegging av regionar, byar, tettstader og ulike samfunnsfunksjonar er avgjerande for ikkje å auke behovet for transport generelt, og spesielt for å unngå å leggje til rette for meir privatbilisme. Vidare må kollektive løysingar utformast slik at dei gjev folk reelle alternativ til bilkøyring og flytransport. Samstundes må miljøvennlege teknologiar prioriterast og leggjast til rette for, slik at den transporten samfunnet treng, skjer med så låg miljøpåverknad som mogleg.

409

Naturvernforbundet meiner at:

410

411

412

413

414

- Byar og tettstadar må fortettast og byggjast ut med mål om minst mogleg transportbehov, på ein måte som tar vare på grønne lunger, samstundes som det blir lagt til rette for syklande og gåande. Også i den overordna samfunnsplanlegginga, enten det gjeld transport av varer eller plassering av viktige samfunnsfunksjonar, må målet vere å redusere transportbehovet.

415

416

417

418

- Kollektivtilbodet må vere godt, både for daglege reiser til arbeid og fritidsaktivitetar og for lengre reiser. Dette inneber både korte reisetider, tilstrekkeleg mange avgangar og stor kapasitet. Jernbanen må vere utbygd for å ta unna langt større delar av transporten som i dag går med privatbil, fly og lastebil. Ekspressbuss er eit viktig

419 supplement der det ikkje går tog. Sjøfrakt må vere eit miljøvenleg og attraktivt
420 alternativ til lastebil.

- 421 • Vegkapasiteten må ikkje utvidast, og vegutbyggingar som gjev meir trafikk og store
422 arealinngrep, må ikkje realiserast. Trafikktryggingstiltak må gjennomførast utan at
423 dette aukar den samla kapasiteten på vegen eller styrkar vegtransporten si
424 konkurransekraft. Miljøutfordringane frå flytrafikken tilseier òg at trafikken og
425 flyplasskapasiteten ikkje kan aukast.
- 426 • Noreg bør, nasjonalt og internasjonalt, støtte utvikling av ein mest mogleg
427 miljøvenleg transportsektor, med auka energieffektivitet, redusert ressursforbruk og
428 redusert miljøpåverknad. Dette inneber både at forskning på betre teknologiar for
429 private og kollektive løysingar må støttast, og at ein må motivere til at desse
430 løysingane blir tatt i bruk. Hovudstrategien for ny teknologi må vere løysingar som
431 reduserer energibehovet og elektrifiserer mest mogleg av transportsektoren.
432 Resterande energibehov må dekkast av fornybart drivstoff med lågt klima- og
433 ressursforbruk.
- 434 • For å avgrense transportmengda og utnytte transportmidla betre, må transport
435 flyttast til dei minst miljøskadelege transportformene, og ny og betre teknologi må
436 takast i bruk. Det betyr blant anna at miljøavgiftene må vere høge, både på transport
437 innan og over landegrensene.

438 439 4.4 Industri

440 Utviklinga av industrien er viktig for å oppnå eit samfunn i balanse med naturen, når det
441 gjeld klimagassar, ressursbruk, forureining og naturinngrep. Dette krev at industrien er
442 energieffektiv, har god ressursutnytting og i størst mogleg grad er grunnlagt på fornybare og
443 lokale eller gjenvunne ressursar, har minimale utslepp av alle typar forureining og minimale
444 naturinngrep i alle ledd av produksjonen. Myndigheitene må bidra til dette gjennom
445 reguleringar, forskingsinnsats og økonomiske tiltak, men industrien sjølv har òg eit ansvar
446 for å sikre ei miljøvenleg vidareutvikling av eiga verksemd.

447 448 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 449 • Forureinaren-skal-betale-prinsippet må utvidast, slik at verksemdar får ansvar for og
450 forpliktingar knytte til skadar årsaka av verksemda og produkta deira.
- 451 • Ny etablering av industri og bergverk må berre skje der det kan sikrast at dette ikkje
452 fører til forureining eller til andre verknader som skadar naturmangfaldet og
453 tradisjonell bruk av området.
- 454 • Det må utviklast alternativ materialproduksjon til erstatning av miljøskadelege
455 material og deira råstoff.
- 456 • Alle typar industri og byggeverksemd, inkludert gruver, skal ha null avfall som mål.
457 Restmassar og avfall skal prioriterast til produksjon og byggje- eller anleggsformål
458 framfor bruk av nye råvarer og må ikkje deponerast i sårbare naturområde.

- Der det er teknisk mogleg, skal gruvedrift gjerast under jorda framfor i dagbrot. Det må òg vere forbod mot å sleppe industriavfall i sjø eller fjordar, og gruvedrift på havbotnen må ikkje tillatast.
- Fangst og lagring av CO₂ frå punktutslepp må takast i bruk for å redusere klimaforureining frå industrien.
- Kysten må ha eit sterkt og førebyggjande oljevern, med rask responstid og beredskap også for alvorlege ulykker under vanskelege forhold.

Dissens 7: *Eit mindretal på 1 person i landsstyret ynskjer eit kombinert kapittel «4.2 Energi og Industri», som er attgjeve i vedlegg 1, til erstatning for kapittel 4.2 Energi (linje 339-392 og kapittel 4.4 Industri (linje 440-465). Nummereringa i overskriftene i resten av kapitelet vil –dersom dette blir vedteke – bli oppdaterte.*

4.5 Forbruk, avfall og handel

Mange av varene vi forbruker, er ressurskrevjande og miljøskadelege. For å redusere miljøpåverknaden av forbruket vårt må vi forbruke mindre, samstundes som varene vi bruker, må vere miljøvennlege og lette å attvinne. For å redusere miljøpåverknaden frå transport er det eit mål å produsere varer nært forbrukarane når ressursgrunnlaget tilseier det.

Å ta hand om avfall vil alltid gje forureining eller anna miljøpåverknad. Derfor må avfallsmengda gjerast minst mogleg, og vi må sjå avfall som ein ressurs – ikkje som søppel. Det må leggst til rette for ombruk, i tillegg til resirkulering og attvinning av produkt og materiale. Der dette ikkje er mogleg, bør forbrenning av avfall skje med energiattvinning.

Naturvernforbundet meiner at:

- For å redusere forbruk og avfallsmengde må produkt vere produsert for å vare lengst mogleg, vere lette å reparere og brukast om att og enkle å resirkulere. Alt avfall skal i utgangspunktet bli resirkulert eller gjenvunne.
- Alt farleg avfall må samlast inn og handsamast på ein miljømessig forsvarleg måte.
- Nye kjemikaliar må ikkje tillatast før det er dokumentert at dei ikkje kjem til å oppkonsentrerast i næringskjeda, eller at det ikkje gjer alvorleg skade på levande organismar.
- Det må stillast strenge miljøkrav ved innkjøp og avfallshandsaming, så vel til private hushald som til offentleg og privat verksemd.
- Det offentlege må vere ein spydspiss når det gjeld innkjøp og forbruk av miljøvennlege produkt og tenester.
- Internasjonale miljøavtalar må bli overordna i høve til handelsavtalar.

VEDLEGG 1:

Mindretalets forslag til eit kombinert kapittel 4.2 Energi og industri:

4.2 Energi og industri

Menneska treng energi, og den må vere fornybar, brukast effektivt, produserast og transporterast utan å skape ureining eller uoppretteleg skade på naturmangfaldet. Vi må nytte rett energiform til ulike bruksområde og vi må effektivisere sjølve energibruken. Det inneber også at vi må gjere ei omlegging av energibruken slik at fossil energibruk blir redusert og erstatta av fornybar energi.

Energiforbruk har nær samanheng med anna ressursbruk, miljøpåverknad, levestandard og livskvalitet for den enkelte og for samfunnet totalt. Noreg sitt energiforbruk er ikkje berekraftig i eit globalt perspektiv. Som storprodusent av fornybar energi, og som eit land som har tent mykje på fossil energiproduksjon, må Noreg bidra til ei jamnare global fordeling av dei goda energiproduksjon gjev. Dette kan mellom anna bety eksport av overskot av elektrisk kraft og industrivarer framstilt ved hjelp av denne.

Utviklinga av industrien er viktig for å oppnå eit samfunn i balanse med naturen, når det gjeld både klimagassar, ressursbruk, forureining og naturinngrep. Dette krev at industrien er energieffektiv, har god ressursutnytting og i størst mogleg grad er grunnlagt på fornybare og lokale eller gjenvunne ressursar, har minimale utslepp av alle typar forureining og minimale naturinngrep i alle ledd av produksjonen. Myndighetene må bidra til dette gjennom reguleringar, forskingsinnsats og økonomiske tiltak, men industrien sjølv har òg eit ansvar for å sikre ei miljøvenleg vidareutvikling av eiga verksemd.

Naturvernforbundet meiner at:

- Norsk olje- og gassverksemd må trappast ned og gradvis fasast ut ved at det ikkje opnast for leiting og utvinning av olje og gass i nye område.
- Fossil energibruk må erstattast av fornybar energi for å gi tilstrekkeleg store reduksjonar i klimagassutslepp, i samband med CO₂-fangst frå punktutslepp.
- Ny fornybar energi må verke til å redusere forbruket av fossil energi.
- Atomkraft inneber ein så stor fare for miljø og menneske i samband med produksjon og avfallshandtering at det er ei uakseptabel energikjelde.
- Ujamn tilgang til, og lite effektiv bruk av, energi er med på å oppretthalde den skeive måten velstand er fordelt på globalt. Internasjonal bistand må i større grad rettast inn mot å nå dei fattigaste med desentraliserte tiltak for energieffektivisering og bruk av fornybar energi.
- Forureinaren-skal-betale-prinsippet må utvidast, slik at verksemdar får ansvar for og forpliktingar knytta til skadar årsaka av verksemda og produkta deira.
- Satsing på sjølvberging av mat, og ein fiskeripolitikk som sikrar levering til lokale fiskemottak og industri, er vesentleg for å utvikle og oppretthalda ein norsk matvareindustri basert på kortreiste råvarer.

Endringer til: *Sak 7 prinsippprogram*

Forslag til ny tekst er understreket

Forslag til fjernet tekst er ~~overstrøket~~

Tekst som er uendret står uten formatering

Forslag nr 1

Kapittel 2

linje 64

Navn og lag til forslagsstiller: Hallvard Birkeland

Legge til:

Folkeleg mobilisering må til mot miljøødeleggingane

Den globale miljøsituasjonen blir stadig meir alarmerande. Klimaet er berre den eine av fleire globale tolegrenser for miljøet, som no er i ferd med å bli kryssa. Det står tunge økonomiske prosessar og interesser bak denne utviklinga. For å stå imot og reversere den aksellererande miljøødelegginga, treng vi at breie lag av folket blir engasjert. Naturvernforbundet vil bidra aktivt til å byggje alliansar mellom folkelege organisasjonar og kampanjar for ein effektiv og rettferdig miljøpolitikk. Forbundet vil engasjere seg på arenaer der det er mogleg å byggje aksjonseinskap og mobilisere for ein slik politikk.

Kort begrunnelse

Vi står i en stadig mer ekstrem situasjon, der klima og miljø er i ferd med å bli permanent ødelagt i aksellererende tempo. Som den viktigste miljøorganisasjonen i Norge, må Naturvernforbundet ha en strategi for hvordan denne kampen kan vinnes. Vi kan ikke bare fortsette å gjøre det vi pleier å gjøre; vi forsøke å bygge en folkebevegelse for klima og miljø.

Forslag nr 2

Linje: 78-82

Navn og lag til forslagsstiller: Naturvernforbundet i Troms og Svein Lund, Ávjovárri

Endre:

78 Naturglede

79 Naturen er ei kjelde til glede og innsikt, som styrkar naturvernengasjementet. Naturglede er
80 ein viktig del av arbeidet til Naturvernforbundet. Vi vil at flest mogleg skal få glede seg over
81 naturverdiane vi vil ta vare på, at dei skal vere stolte over naturen dei har tilknytning til, og at
82 det enkle og nære friluftslivet blir teke vare på.

Endrast til:

Naturglede, naturkunnskap og naturbruk

Ein viktig del av arbeidet til Naturvernforbundet er å arbeide for å styrke folk sin kontakt med naturen, Vi ønsker at alle skal få glede seg over naturen i nærområdet sitt, vere stolte over denne og ønske å ta vare på naturen både lokalt og globalt. Vi arbeider for å styrke kunnskapen om naturen på alle plan, i skoleverket, forvaltninga og i fritidsmiljø. Vi ønsker å styrke kunnskapen om korleis vi kan nytte naturen til mat, drikke, medisin, husflid og på anna vis, og vil arbeide for å ta vare på og føre vidare tradisjonell naturbruk, så langt det kan gjørast på økologisk forsvarlig vis.

Kort begrunnelse

Naturglede kan være så mangt, (eks. motorisert ferdsel), derfor ønsker vi å utdype dette og å øke kunnskapen om bruk av naturen.

Forslag nr 3

Linje: 128-130

Navn og lag til forslagsstiller: Naturvernforbundet i Troms og Svein Lund, Ávjovárri

Endre:

128 ... Omsyn til miljø og

129 rettferdig fordeling av ressursar må telje meir enn mål om økonomisk vekst og auka

130 frihandel.

Endrast til

Hovudmålet for internasjonalt samarbeid må ikkje vere økonomisk vekst og auka frihandel, men omsynet til miljøet og rettferdig fordeling av ressursar.

Kort begrunnelse

Mer presis formulering. Økonomisk vekst og frihandel er ikke ønskelig. Fokuset må først og fremst vektlegge omsynet til miljø og rettferdig fordeling.

Forslag nr 4

Linje: 132-134

Navn og lag til forslagsstiller: Naturvernforbundet i Troms og Svein Lund, Ávjovárri

Legge til:

132 Naturvernforbundet støttar og respekterer urfolk sine rettar, slik dei er felt ned i
133 internasjonale avtalar som Noreg er tilslutta. Desse rettane må ligge til grunn for
134 miljøpolitikken i både Noreg og andre land.

Forslag til tillegg:

I Noreg vil Naturvernforbundet støtte samane sin rett til å verne sine tradisjonelle bruksområde mot inngrep, og arbeide for respekt for lovvernet om samisk kultur, slik det kjem til uttrykk bl.a. i grunnlova §108 og naturmangfoldlova §§ 1, 8 og 14. Det må ikkje gjennomførast fleire større inngrep i område som er nødvendige for reindrift og andre samiske næringar.

Kort begrunnelse

Samiske rettigheter bør synligjøres bedre.

Forslag nr 5

Linje: 179

Navn og lag til forslagsstiller: Per Flatberg, Lørenskog

Nytt kulepunkt etter linje 179:

- Det trengs påtrykk for å verne flere av de forslåtte områdene i forslag til Marin verneplan enn de syv som foreløpig er vedtatt. Marine verneområder er del av de nasjonale forpliktelser vi har om å følge opp konvensjonen for biologisk mangfold.

Forslag nr 6

Linje: 179

Navn og lag til forslagsstiller: Styret i Stjørdal og Meråker lokallag

Legge til: Nytt punkt «mellom» 179 og 180

- Utbygging av vindkraft skjer i dag uten noen samlet plan. Enkeltvis konsesjonsbehandling sprer vindkraftverk utover på svært uheldig måte. Tildeling av konsesjoner til vindkraftanlegg må stanses før det foreligger en samlet plan.

Kort begrunnelse

Vi kan ikke ha vindkraftanlegg på hver fjelltopp, de må plasseres der de gjør minst skade. Avgjørelser tas ut fra mangelfull dokumentasjon av naturverdier, basert på allerede innsamlet materiale og noen få dager i felt. En samlet plan, med god oppfølging, vil bidra til bedre kartlegging og ivaretagelse av naturverdiene.

Forslag nr 7

Linje: 180-182

Navn og lag til forslagsstiller: Svein Lund, Ávjovárri

Endre:

~~180 • Motorisert ferdsel i utmark og vassdrag må haldast på eit minimum, og unyttig
181 køyring må ikkje tillatast. Langs kysten må ein sikre omsynet til sårbar natur og
182 moglegheita for gode naturopplevingar for folk flest.~~

Endrast til:

Naturvernforbundet vil forsvare hovudregelen at motorisert ferdsel i utmark normalt ikkje er tillatt. Vi arbeider for at dagens motoriserte ferdsel i utmark blir redusert, for å minske belastninga på vegetasjon, forstyrning av dyreliv og friluftsliv. Løye til motorisert ferdsel skal normalt bare giast til næringsverksemdar som reindrift og tradisjonell utmarkshausting, samt offentlig oppsyn. Det skal normalt ikkje givast løye til motorisert turisme i utmark. Motorferdsel langs kysten må, med unnatak for næring og offentlig transport, avgrensast til saktegåande båtar med lita motorkraft.

Forslag nr 8

Linje 180-182

Naturvernforbundet i Troms

Endre:

~~180 • Motorisert ferdsel i utmark og vassdrag må haldast på eit minimum, og unyttig
181 køyring må ikkje tillatast. Langs kysten må ein sikre omsynet til sårbar natur og
182 moglegheita for gode naturopplevingar for folk flest.~~

Naturvernforbundet vil forsvare hovudregelen at motorisert ferdsel i utmark normalt ikkje er tillatt. Vi arbeider for at dagens motoriserte ferdsel i utmark blir redusert, for å minske belastninga på vegetasjon, forstyrning av dyreliv og friluftsliv. Løye til motorisert ferdsel skal normalt bare giast til næringsverksemdar som reindrift og tradisjonell utmarkshausting, samt offentlig oppsyn. Det skal normalt ikkje givast løye til motorisert turisme i utmark. Langs kysten må ein sikre omsynet til sårbar

natur og moglegheita for gode naturopplevingar for folk flest.

Kort begrunnelse

Vi ønsker redusert motorisert ferdsel i naturen, men opplever at flere og flere får dispensasjoner fra loven.

Forslag nr 9

Linje: 203-205

Navn og lag til forslagsstiller: Svein Lund, Ávjovárri

Legge til:

203 3.2 Stopp dei farlege klimaendringane

204 Forbruk av fossile brensel, avskoging, forgifting og øydelegging av jordsmonnet og anna menneskeleg påverknad har ført til endringar i

205 klimaet på jorda. Klimaendringane har alvorlege konsekvensar både for oss menneske og for

Forslag nr 10

Kapittel 3.2

linje 218

Navn og lag til forslagsstiller: Hallvard Birkeland, Bergen

Legge til:

Klimatrugsmålet krev ei omfattande omlegging av heile økonomien på berre få år. Det er ikkje mogleg å gjennomføre denne utan at alle må leggje om livsstilen i større eller mindre grad. Dette kan berre skje om offentleg politikk legg til rette for det, slik at heile folket blir ein del av løysinga. Folk må vite at dei tar del i ein effektiv dugnad der alle må yte sin rettmessige del.

Fornybar energi og energisparing kan ikkje erstatte fossile brennstoff raskt nok utan at alt fossilt får ein pris som speglar dei verkelege kostnadene desse har for menneska og naturen. Det må gjerast gjennom å leggje ei jamnt stigande avgift på alt fossilt. For at ei slik avgift ikkje skal ramme hardest dei med dårlegast råd, må den bli følgd av mekanismar som på ein forståeleg måte fordeler børa rettferdig.

Kort begrunnelse

Klimatrusselen pakkes stadig inn i en normaliserende og falsk optimistisk innpakning, enda det nå er usannsynlig at verden skal unngå farlig oppvarming. Samtidig er også NNV farlig nær å gjøre klimavennlig livsstil til et hovedsaklig personlig og moralsk spørsmål. Det er viktig å få fram at det må omfattende politisk tilrettelegging til for at den store mengden av oss skal gå over til en bærekraftig livsstil.

En av de politiske endringene vi må få gjennomført, er at fossilt må få en riktig pris, ellers tar det alt for lang tid å fase det ut, og det fornybare vil bare utgjøre et tillegg til det fossile. Rettferdig fordeling av børa er nødvendig for å få folkelig støtte til nødvendig høy pris.

Forslag nr 11

Linje: 257-258

Navn og lag til forslagsstiller: Svein Lund, Ávjovárri

Endre:

257 • Bruk av kjemiske miljøgifter må forbyast ~~vere strengt regulert~~, når det gjeld både innanlandsk bruk og
258 import av varer som inneheld eller er produsert ved hjelp av giftige stoff.

Forslag nr 12

Linje: 278-280

Navn og lag til forslagsstiller: Svein Lund, Ávjovárri

Endre:

278 ... Bruken av
279 skadelege stoff i jordbruk, skogbruk, reindrift, fiske og oppdrett må straks reduserast kraftig og så snart som råd avskaffast. ~~haldast på eit minimum og på sikt~~
280 ~~fasast ut.~~

Forslag nr 13

Linje 278-279

Naturvernforbundet i Troms

Endre:

278 omfang og korleis vi hentar ut matressursar, enten det er på land eller frå havet. Bruken av ^[1]_[SEP]
279 skadelege stoff i jordbruk, skogbruk, reindrift, fiske og oppdrett må haldast på eit minimum og på sikt ^[1]_[SEP]
280 fasast ut. ^[1]_[SEP]

Kort begrunnelse

Vi ønsker reindriftsnæringen inkludert i teksten.

Forslag nr 14

Linje: 298

Navn og lag til forslagsstiller: Svanhild Andersen og Anne-Karin Daniloﬀ,
Naturvernforbundet i Finnmark

Endre:

Fiskeoppdrett og kjøtproduksjon må i minst mogleg grad baserast på ~~fôr~~ fôr som kan gå

Kort begrunnelse

Korrekt skrivemåte

Forslag nr 15

Linje: 301-303

Navn og lag til forslagsstiller: Svein Lund, Ávjovárri

Endre:

301 • Norsk landbruk må basere seg på lokale og miljøvenlege ressursar, og bruken av
302 energi, ~~plantevernmidlar~~ og kunstgjødsel og importert kraftfôr må vere så låg som
303 mogleg. Bruk av giftstoff som dreper planter og dyr må forbyast.

Forslag nr 16

Linje: 317

Navn og lag til forslagsstiller: Svanhild Andersen og Anne-Karin Daniloff,
Naturvernforbundet i Finnmark

Endre:

Fiskeria må ta vare på primærproduksjonen i havet og ~~dei lågare ledda~~ alle ledd i

Kort begrunnelse

«primærproduksjonen» i første del av setningen ivaretar dei lågare ledd, det er viktig med et balansert uttak/ingen ledd må overbeskattes.

Forslag nr 17

Linje: 319

Navn og lag til forslagsstiller: Svanhild Andersen og Anne-Karin Daniloff,
Naturvernforbundet i Finnmark

Endre:

~~Havet og fiskeressursane~~ Havet og fiskeressursane, og hav- og kystområdene må vere underlagt nasjonal og internasjonal kontroll,

Kort begrunnelse

Ikke bare fisken og havet må være underlagt kontroll, men også områdene den lever i.

Forslag nr 18

Linje: 322-325

Navn og lag til forslagsstiller: Svanhild Andersen og Anne-Karin Daniloff,
Naturvernforbundet i Finnmark

Endre:

322: Oppdrett må skje i lukka anlegg og ikkje forringe miljøet i dei hav og fjordområda der
323: verksemda går føre seg. Dersom ikkje oppdrettsverksemda kan drivast utan ureining
324: og sjukdomsspreiing eller på ressursar som ikkje skadar naturmangfald eller
325: ressurstilfang andre stader, må omfanget av oppdrettsnæringa reduserast.

Hele avsnittet foreslås fjernet og endret til feks:

Oppdrett må drivast utan negativ påverknad og utan utslipp. Fiskeoppdrett må skje kontrollert i lukka anlegg og ingen former for akvakultur må forringe naturen og miljøet der verksemda går føre seg,

eller der fôrressursane hentast. Avfall fra oppdrettet skal gjenbrukes.

Kort begrunnelse

Vi er jo helt enig i at vi skal kreve oppdrett av anadrome og marine fiskearter inn i lukkede anlegg, men som setningen er formulert nå, krever den også feks skjell- og tareoppdrett inn i lukkede anlegg. Er usikker på om det er fornuftig? Oppdrett kan også tenkes å påvirke andre områder enn hav- og fjordområder, om det for eksempel gjeld landanlegg.

Vi synes det er noe misforhold mellom å kreve null miljøpåvirkning av fiskeriene, mens oppdrett kreves i mindre omfang når det har negativ miljøpåvirkning. For slapt å kun kreve reduksjon i oppdrett dersom de ikke kan stanse sykdomsspredning og skader på naturmangfoldet. Vi foreslår å fjerne kravet om mindre omfang, dvs hele setningen.

Forslag nr 19

Linje 322-325

*Anne-Lise Mortensen styreleder i Naturvernforbundet i Troms
Per Inge Guneriussen, styremedlem i Naturvernforbundet i Troms
Christine Myrseth, styremedlem i Naturvernforbundet i Troms*

Endre:

322 Oppdrett må skje i lukka anlegg og ikkje forringe miljøet i dei hav- og fjordområda der
323 verksemda går føre seg. Gjennomstrømningsanlegg beskrivast som lukka anlegg (såkalla
landbasert), men er i realiteten ikkje det. Dersom ikkje oppdrettsverksemda kan drivast utan ureining
324 og sjukdomsspreiing eller på ressursar som ikkje skadar naturmangfald eller
325 ressurstilfang andre stader, må omfanget av oppdrettsnæringa reduserast.

Kort begrunnelse

Dette er rene irreversible gjennomstrømningsanlegg som plasseres på holmer og skjær, helst i områder som må omreguleres til næring. Disse områdene er verdifulle for sjøfugl og ikke minst, vil forurensningen fortsette, da gjennomstrømming ikke er utslippsfritt, betydelig båttrafikk og anleggsvirksomhet må også påregnes. Så, det kan kanskje være ønskelig at lukkede anlegg har supplerende krav som går på kvalitetssikring av teknologi og ikke minst – lokalitet.

Forslag nr 20

Linje: 357-360

Navn og lag til forslagsstiller: Svein Lund, Ávjovárri

Endre:

357 • Ny fornybar energi må verke til å redusere forbruket av fossil energi. Samstundes
358 med energisparing må Noreg satse på ny fornybar energi, slik som bio- og solenergi,
359 bølge- og vindkraft og geovarme. Ved all utbygging må det takast særskilt omsyn til
360 naturmangfald, folkehelse, landskap og naturbaserte næringar.

Forslag nr 21

Linje 357-360

Naturvernforbundet i Troms

Endre:

357 Ny fornybar energi må verke til å redusere forbruket av fossil energi. Samstundes
358 med energisparing må Noreg satse på ny fornybar energi, ~~slik som bio- og solenergi,~~
~~359 bølge- og vindkraft og geovarme.~~ Ved all utbygging må det takast særskilt omsyn til
369 naturmangfald, folkehelse og landskap og naturbaserte næringer.

Kort begrunnelse

Oppramsing er unødvendig. Naturbaserte næringer trenger særlig hensyn.

Forslag nr 22

Linje 424-425

Navn og lag til forslagsstiller: Naturvernforbundet i Troms og Svein Lund,
Ávjovárri

Endre:

424 konkurransekraft. Miljøutfordringane frå flytrafikken tilseier òg at ~~trafikken og~~
425 flyplasskapasiteten ikkje kan aukast, og trafikken må reduserast kraftig.

Kort begrunnelse

Flytrafikk fører til stor forurensing i øvre luftlag.

Forslag nr 23

Linje: 456-458

Navn og lag til forslagsstiller: Naturvernforbundet i Troms og Svein Lund,
Ávjovárri

Endre:

456 • Alle typar industri og byggeverksemd, inkludert gruver, skal ha null avfall som mål.
457 Restmassar og avfall skal prioriterast til produksjon og byggje- eller anleggsformål
458 framfor bruk av nye råvarer. Overskotsmassar etter gruvedrift kan førast tilbake til gruva, men
må ikkje opprettast ytre permanente deponi. og må ikkje deponerast i sårbare naturområde.

Kort begrunnelse

Ytre deponier er for arealkrevende og forurensende.